Universitetsstyret
Universitetet i Bergen

Arkivkode: 373

Sak nr.: 08/2948

Styresak: 12

Møte: 19.02.09

Mellombels forskrift om utvida sensurfrist på førstesemesteremne

Bakgrunn

Den allmenne sensurfristen etter universitets- og høgskulelova er tre veker, jf. § 3-9 (4), første setning. Det kan gjerast unntak frå dette i nokre tilfelle, og lova nemner desse:

Vedtak frå gong til gong i einskildsaker
Mellombelse unntak fastsett i forskrift
Permanent unntak for "avhandlinger og tilsvarende større skriftlige arbeider"

Alle desse løysingane har vore og er i bruk ved UiB. Permanent unntak gjeld berre for mastergradsoppgåver, der den ytre fristen er to månader. Mellombels unntak gjeld for tida for masterstudiet i rettsvitskap, der det for perioden 15.06.06 til 31.12.09 er sett ein frist på fem veker for alle eksamenar utanom mastergradsoppgåver. Adhocvedtak om unntak har og vore gjort fleire gonger, og dei seinare åra har dette gjeldt ulike emne på førstesemesterstudiet. Det har no komme framlegg om ei mellombels forskrift for førstesemesteremne ved Det humanistiske fakultet. Framlegget er avgrensa til emne som vert haldne i haustsemesteret.

Den viktigaste grunnen til at framlegget kjem, er at ein del emne vert haldne seint i semesteret. Om våren har ein så langt ikkje hatt vanskar med å halde trevekersfristen, men om hausten blir dette vanskeleg når emnet først er avslutta i desember. Hausten 2008 gjekk trevekersfristen for tre ex.fac.-emne og ti ex.phil.-emne ut i tida frå 24. desember til 5. januar. For desse framstår det som urealistisk å halde normalfristen, og Institutt for filosofi og førstesemesterstudium, med tilslutnad frå Det humanistiske fakultet, bad derfor om ei mellombels forskrift.

Saka har vore på høring, og Studentparlamentet, ved arbeidsutvalet, har uttalt seg. Dei stør framlegget, men har merknader. Generelt er Studentparlamentet uroa over at det tek så lang tid, og særskilt viser ein til at sein sensur kan vere uheldig for studentar som ønskjer å ta kontinuasjonseksamen tidleg i vårsemesteret. Ein viser og til studentar som er seint i studiet og som treng å bli ferdig med førstesemesteremne for å kunne søkje opptak til master eller andre studium.

Dei andre høringsinstansane har ikkje uttalt seg.

Universitetsdirektørens kommentarer
Som nemnt har det vore gitt fleire unntak før. Dette har vore gjort av rektor og seinare referert frå styret. Det er etter ønske frå universitetsleiinga at Det humanistiske fakultet no kjem med ei sak om mellombels forskrift. Etter lova kan styret sjølv vedta ei slik forskrift. Det gjeld ikkje noka ytre grense for kor langvarig ei forskrift kan vere, men i førearbeida til lova har departementet uttrykt at det ikke i noko fall må vere meir enn fem år. Etter universitetsdirektørens syn er det ikkje realistisk at emne som er slutt seinare enn 1. desember kan sensurerast innan trevekersfristen, verken slik situasjonen er no eller innan dei næraste åra. Det vert derfor føreslått eit unntak som gjeld til og med haustsemesteret 2013, dvs. for dei næraste fem åra. Ein vil understreke, slik det og vart gjort då den generelle regelen om tomånadersfrist for mastergradsoppgåver vart vedteken, at det er snakk om ein ytre frist, ikkje ein normalfrist. Sensuren skal i alle tilfelle liggje føre snarast råd.

Universitetsdirektøren gjer framlegg om slikt

Vedtak:

Mellombels forskrift om lengre sensurfrist for førstesemesteremne ved Universitetet i Bergen

1. For examen philosophicum og examen facultatum skal den ytre sensurfristen i haustsemesteret vere seks veker i staden for tre veker. Dette gjeld for emne der eksamen vert halden eller siste innleveringsfrist av mappeoppgåver eller liknande arbeid som er grunnlag for karaktersetjinga er 1. desember eller seinare.

2. Forskrifta her trer i kraft straks og gjeld til og med haustsemesteret 2013.

26.01.09/pgh

Utrykte vedlegg:
1. Brev av 26.02.08 frå FOF
2. Brev av 04.03.08 frå HF-fak.
3. Beslutningsnotat av 17.11.08 frå rektor og direktør
4. Høringsbrev av 03.12.08
5. Høringssvar frå Studentparlamentet av 14.01.09